

---

Saksnr: 2021/42650-2  
Saksbehandlar: Hilde Solend Vindedal

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		10.12.2021

**Tiltakspakke reiseliv 2022 – tildeling av midlar til destinasjonsselskapa**

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring vedtek følgande tildeling støtte til destinasjonsselskapa sitt arbeid i 2022:

Visit Bergen	1,45 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,40 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,45 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,55 mill. kr
Visit Voss	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,35 mill. kr
Visit Nordfjord	0,60 mill. kr

2. Midlane vert dekkja med avsette midlar til tiltakspakke reiseliv, avsett i hovudutvalssak 64/2021.

Samandrag

Hovudutval for næring har sett av midlar frå overskotsdisponering 2020 til tiltakspakke for reiselivet i 2022. Denne saka handlar om den delen av tiltakspakken som gjeld midlar til destinasjonsselskapa i fylket. Midlane skal bidra til å støtte destinasjonsselskapa og dermed reiselivsnæringa gjennom ein utfordrande periode, og bidra inn i eit omstillingsarbeid for eit meir berekraftig reiseliv.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef naturressurs, landbruk og  
reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring disponerte i sak 64/2021 midlar til koronarelatert innsats, og dette er midlar som vart stilt til disposisjon frå fylkeskommunen sitt rekneskapsoverskotet for 2020. Det vart i denne samanhengen sett av 5 mill kr til å støtte destinasjonsselskapa i 2022. Og det vart sagt at midlane skal fordelast i ei eiga sak i hovudutvalet. I denne saka kjem vi med framlegg til fordeling av midlane på 5 mill. kr til åtte destinasjonsselskap i fylket.

Vi gjer merksam på at det i budsjettet for 2022 på løyvingsområdet naturressursar, landbruk og reiseliv er midlar til reiselivsinnsats. Og deler av desse kan ev også gå til å støtte destinasjonsselskapa sin innsats. Først må budsjettet for 2022 vedtakast, og så kan ein kome tilbake til bruken av desse midlane.

### Tiltakspakke reiseliv 2022

Reiselivsnæringa er framleis i ein krevjande situasjon som følgje av koronapandemien. For reiselivsbedriftene i fylket vil også 2022 bli eit svært utfordrande år. Tilbakemeldingar frå næringa stadfestar at eigenkapitalen i stor grad er borte. Sjølv om fleire har hatt meir aktivitet i sommarsesongen 2021, er sesongen svært avkorta og kan ikkje samanliknast med eit normalår.

Pandemien har også ført til at reiselivsnæringa er i ein svært vanskeleg situasjon knytt til rekruttering. Fleire tilsette innafor reiselivet har fått seg nye jobbar innan andre næringar, og arbeidstakarar frå utlandet som reiste frå Norge under pandemien har i liten grad tilbake. Det har resultert i ei stor mangel på arbeidskraft, særleg innan restaurant og serveringsbransjen. Bedrifter står no i fare for ikkje å kunne halde opent sjølv om dei har nok kundegrunnlag, fordi dei manglar nok arbeidskraft. Det er og uvisst korleis situasjonen vil vere framover knytt til pandemien, og om det kan bli innført nye tiltak og restriksjonar. Ei normalisering av reiselivet vil ein ifølgje rapportar frå næringa truleg ikkje få før mot 2023/2024. Det er difor behov for ekstra midlar som kan bidra til at næringa kjem seg betre igjennom ein utfordrande periode, og kan arbeide med omstilling inn mot eit meir berekraftig reiseliv.

Destinasjonsselskapa har hatt ei viktig rolle for å bidra til at reiselivsbedrifter i fylket har klart seg gjennom pandemien. Dei har vore ei viktig støtte, og rådgjeve bedrifter som har måtte tenke nytt kring bedrifta si, i tillegg til å vere ein viktig marknadsføringsaktør. For destinasjonsselskapa har den økonomiske situasjonen vore utfordrande under pandemien. Støtte frå fylkeskommunen har vore viktig for å oppretthalde aktiviteten. Tilbakemeldingar frå destinasjonsselskapa viser at den økonomiske situasjonen vil bli krevjande også i 2022. Dei har eit stramt budsjett og forventar låge inntekter, både frå tenestekjøp og frå faste bidrag frå medlemsbedrifter. Medlemsbedriftene har framleis ikkje midlar til å bidra som før pandemien til drift av destinasjonsselskapa. Fleire av destinasjonsselskapa melder at dei truleg må justere ned aktivitetane for det komande året. Ved å bidra med midlar ynskjer fylkeskommunen å sikre at destinasjonsselskapa kan halde fram med deira viktige arbeid med marknadsinnsats, og rådgje og rettleie reiselivsbedrifter.

Vestland fylkeskommune (og tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane) har i mange år hatt eit tett samarbeid med dei største destinasjonsselskapa i regionen. Kommunane i fylket har i mange år bidrege til aktiviteten desse selskapa utfører, og dei har eit høgt tal små og store medlemsbedrifter som dekkjer heile fylket. Dei åtte selskapa nemnt her samarbeider med Vestland fylkeskommune gjennom Reiselivsforum Vestland, og det er desse selskapa vi viser til når vi snakkar om «destinasjonsselskapa i Vestland».

### Tildeling av midlane

Ved tildeling av midlar til destinasjonsselskapa i januar 2021 sak PS 10/2021, laga administrasjonen ein modell for tildelinga. Modellen baserer seg på sysselsettingstal innan reiseliv, overnattingsstatistikk for området til destinasjonsselskapa og distriktindeksen. Modellen gjev ein indikasjon på utfordringar og behov for midlar hos kvart destinasjonsselskap. Fordelingsmodellen er også nytta for tildeling av midlar til tiltakspakke for 2022.

Ved fordeling av dei samla midlane på 5 mill. kr er det først lagt inn ein grunnfinansiering til kvart av destinasjonsselskapa. Deretter er dei resterande midlane blitt tildelt med bakgrunn i fordelingsmodellen. Mindre justeringar har blitt gjort på bakgrunn av særskilte høve.

### Tildeling til destinasjonsselskapa

Destinasjonsselskap	Tildelt kr
Visit Bergen	1,45 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,40 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,45 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,55 mill. kr
Visit Voss	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,35 mill. kr
Visit Nordfjord	0,60 mill. kr

Vi legg til grunn at ein med dei tildelte ressursane vil prioritere dei aktivitetane som når flest mogleg av reiselivsbedriftene. Med særleg merksemd på aktivitetar som støttar opp om reiselivsbedriftene sine behov, med rådgjeving og støtte, samt marknadsførebuande tiltak. Vi føreset elles at destinasjonsselskapa bidreg til at reiselivsbedriftene blir med på ein omstilling til eit meir berekraftig reiseliv, og at vi saman strekkjer oss etter visjonen attraktivitet gjennom berekraft. Vi har sett i gong eit arbeid med besøksforvaltning, og føreset at destinasjonsselskapa også støttar opp under dette arbeidet. Og vi føreset at destinasjonsselskapa støttar opp under reiselivsbedrifter som skal søkje fylkeskommunen om midlar til bedriftsretta opplæring.

Det vert arbeidd med å slå saman Visit Fjordkysten og visit-funksjonen i Sunnfjord Utvikling, men dei går inn i 2022 som to einingar slik som dei er i dag. Det er ikkje klart kva tid dei eventuelt blir slått saman til ei eining, og fordelinga er difor gjort med utgangspunkt i dei som to destinasjonsselskap.

Vi gjer merksam på at destinasjonsselskapa sine behov for midlar er høgare enn det som fylkeskommunen har høve til å støtte med. Vi har difor oppmoda destinasjonsselskapa om også å arbeide inn mot andre finansieringskjelder.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelingane i denne saka er finansiert med disponible overskotsmidlar frå 2020.

Klima: Tildelingane i denne saka er i tråd med overordna føringar kring klima.

Folkehelse: Tildelingane i denne saka fremmar arbeid og sysselsetting, som også er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tildelingane i denne saka er i tråd med overordna føringar i utviklingsplanen.

Konklusjon

Tildeling av midlar til destinasjonsselskapa frå tiltakspakke for reiselivet 2022 vert gjort i samsvar med tilrådinga i denne saka.